



Hopland Felles
Stein Ove Vatnøy
Lurevegen 208A
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1128 - 19/20456

Saksbehandlar:
Hogne Haugsdal
Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2019

Fisketangen, Seim. Tilbakemelding til Hopland Felles etter drøftingar i formannskapet Lindås

Viser til dialog den seinare tida mellom Lindås kommune og Hopland Felles vedr. forhold på Fisketangen, Seim. Hopland Felles sendte skriftleg førespurnad til kommunen i e-post 29.03.19, der de ønska svar på følgjande problemstillingar:

- Tilgang til felles veg på Fisketangen
- Endring av gard- og bruksnr. på felleseie Storskjæret
- Fjerning av skilt.

I møta mellom kommunen og Hopland Felles våren 2019 er det særleg tilgang til felles veg på Fisketangen som har vore utfordring. Veggen er i dag låst med bom og Hopland Felles ønskjer nøklar til bom for å kunne kome inn i området ved behov. Hopland Felles har eit ønske om å nytte sine rettar i dette området.

Kommunen har vore i dialog med Miljødirektoratet, som også er rettshavar på Fisketangen. Området er i dag eit statleg sikra friluftsområde og Miljødirektoratet må gje samtykke for å omdisponere areal til anna føremål enn friluftsføremål. Uttak av sand eller andre tiltak vil krevje samtykke frå Miljødirektoratet. Foreløpig tilbakemelding frå Miljødirektoratet er at det vil vere særskilt krevjande å omdisponere dette området og nytte tinglyste private rettar.

I denne saka har det vore dialog mellom Lindås kommune og Hopland Felles i fleire tiår. Frå kommunen si side er det interesse for å finne ei løysing som kan avslutte saka. I møte mellom Hopland Felles og kommunen 7. mai 2019, blei det fremja eit forslag frå kommunen om å løyse dette med ein kompensasjon til Hopland Felles - men at dette først måtte forankrast i formannskapet. Slik kommunen oppfatta det, var representantane i Hopland Felles interessert å høyre meir om ein mulig kompensasjon, utan at dette var forankra i styret. Ordførar lova å ta dette opp i formannskapet 16. mai og deretter melde tilbake til Hopland Felles. Dette brevet er ei tilbakemelding på formannskapet sine drøftingar.



Formannskapet i Lindås er interessert å sjå på ei løysing med kompensasjon, og ber ordførar og administrasjonen gå i dialog med Hopland Felles for å forhandle fram eit framlegg til løysing. Endelig avklaring må til politisk avgjerd. Formannskapet ber Hopland Felles avklare særleg om to forhold:

- Hopland Felles må avklare og stadfeste at dei er interessert å vurdere ei løysing med kompensasjon
- Om det er ønskje om kompensasjon, ber formannskapet om at Hopland Felles kjem med eit konkret krav på kva type kompensasjon dei ser for seg.

Tilbakemelding kan rettast til assisterande rådmann, Hogne Haugsdal.

E-post: hogne.haugsdal@lindas.kommune.no

Med helsing

Hogne Haugsdal
ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hogne Haugsdal

Mottakarar:

Hopland Felles

Lurevegen 208A 5912

SEIM